

Lagerhall utan dispensasjon på Børnes

24.01.2013

Brødrene Musland Maskin vil byggja ein større lagerhall på Børnes og søkte før jul om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan.

Men ettersom plankontoret har funne at tiltaket kan utførast utan dispensasjon er saka eit steg vidare. Det som må gjerast før arbeidet set igang er at kommunen og firmaet skriv ein forpliktande kjøpeavtale som regulerar overdraginga og at dei får løyve frå byggjesaksavdelinga.

Men Jarle Fossheim i kommunen opplysar at sjølve frådelinga kan ta litt tid. Hvis det hastar med uttak av stein kan det drøftast om dette kan startast før tomta er oppmåla men etterat det er skrive kjøpeavtale.

Verksemda eig 3,7 dekar frå før på Børnes og får no 2 dekar til.